

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 28.08.2003 **Tid:** 17.00 – 20.55

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste)

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 21 , inkl.2 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Margot Hisdal
Jon Magne Bøgevik

I staden møtte:

Nina Ingrid Fossan
Arvid Tysse

Andre som var tilstade på møtet:

Leiar av teknisk eining orienterte om utviklinga på Lønnebakken. Kultur- og IT-konsulenten var til stades ved handsaming av sak 24/03 . Ass. adm.sjef og adm.sjef.

Merknader: Eva Hellevang fekk innvilga permisjon frå kl.19.45, og gjekk ifrå før handsaminga av sak 24/03.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 2. september 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent med følgjande endringar: Sak 30/03: Busetjingar av flyktningar 2003 vart trekt frå saklista og sak 29/03 vart handsama som tilleggssak.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Sigmund Dyrhovden stilte følgjande spørsmål:

1. Korleis kan kommunen hjelpa til slik at næringsdrivande i kommunen kan få marknadsført produkta sine i høve til innbyggjarane. Dette gjeld først og fremst bustadbyggjarar i kommunen.

Administrasjonssjefen svarte at det neppe er ei kommunal oppgåve å driva marknadsføring for dei næringsdrivande. Det ville i alle fall ikkje vera aktuelt for kommunen å senda ut informasjon om produkt saman med skjema, løyve m.m. I dag er det opna opp for at dei næringsdrivande kan ha materiell om sine produkt i eit brosjyrestativ i ekspedisjonen på teknisk eining.

Administrasjonssjefen meinte og at dei næringsdrivande som ønskjer å marknadsføra seg ovanføre dei som byggjer hus/hytte i kommunen bør vurderer å gå saman om å tilby produkta sine.

2. Vedlikehald av løpebana på idrettsanlegget i Hagabotnane er i svært dårleg stand. M.a. veks det kratt og små busker inne på området.

Adm.sjefen orienterte om at det er ein avtale mellom idrettslaget og kommunen om fordeling av ansvar for vedlikehald. Hovudregelen så langt adm.sjefen hugsa var at kommunen tok ansvar for bygningen og for grasbana, det resterande tok idrettslaget. Aktiviteten til friidrettsgruppa har vore liten siste åra, noko som har resultatert i manglande vedlikehald. Spørsmålet til Dyrhovden bør sendast over til plassnemnda for idrettsplassen, der evt. endring av fordeling av ansvar må sjåast på.

Helge Reistad ønskte informasjon om framdrifta for ballbingen.

Det vart gitt informasjon frå kulturkonsulenten og adm.sjefen der konklusjonen var at det hadde bydd på ein del problem å få strukturert det vidare arbeidet. Idrettslaget har teke på seg ansvar for grunnarbeid m.m.. Dette arbeidet viste seg å vera meir omfattande enn dei hadde rekna med, men etter planen vil haustferien verta nytta til å sette bingen på plass.

Björg Solvang stilte spørsmål om status på arbeidet med veglys rundt Haukanes.

Administrasjonssjefen kunne opplysa at arbeid med oppsetting av veglys frå Aldal og så langt midlane strekk til er sett i bestilling.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**Grunngjeve spørsmål**

Arne Jørgensen hadde sendt inn fylgjande grunngjeve spørsmål til ordføraren:

Som dei fleste kjenner til ligg det eit båtvrak i ei badekjøle på Rolvsvåg. Ved fleire høve har Samnanger kommune gjort forsøk på å få båtvraket fjerna frå badekjøla, utan at dette har lykkast.

Er alt som gjerast kan frå Samnanger kommune si side gjort i denne saka, eller er det fortsatt eit lite håp om at vraket kan bli fjerna ?

Det vart gitt fylgjande svar:

Situasjonen er den at det ikkje er mogleg å finna ansvarleg eigar til vraket som ligg i nærleiken av bustadfeltet på Rolvsvåg. Skal noko skje må kommunen ta på seg ansvaret.

Kommunen har vore i kontakt med miljøavdelinga hjå fylkesmannen. Dei viste til ei liknande sak frå Kvinnherad der SFT var kopla inn. Kommunen vil ta spørsmålet om tilskot/ansvar for opprydding opp med SFT.

Skriv og meldingar:

På førehand var desse meldingane sendt ut:

- Skriv frå fylkesmannen i Hordaland om godkjenning av kommunen sitt budsjett for 2003
- Skriv frå fylkesmannen i Hordaland om at Samnanger kommune er ført opp i registeret ROBAK pga. manglande inndekking i økonomiplanen
- Klage til Helse Bergen på vedtak om ambulansetenesta

I møtet orienterte ordførar

- om gjennomføring av valet. Ordførar vil med det første kalla saman ein representant frå kvar av dei partia/grupperingane som stiller liste med tanke på å få avklara om det skal gjennomførast ein felles politisk debatt i forkant av valet.
Dersom partia ønskjer å presentera partiprogramma sine på kommunen sine heimesider, er dette opna opp for. Ta kontakt med personalsjef Jan Erik Boge som vil stå for det tekniske.
Ordførar vil få til informasjon om direktevalet i Samningen. M.a. må det presiserast at direktevalet gjeld både ordførar og varaordførar.
- Vedtaket frå Helse Vest om at dei opprettheld Helse Bergen sitt vedtak om flytting av ambulansen

Administrasjonssjefen la fram budsjettkontroll pr. august.

Einingsleiar for teknisk eining orienterte om framdrift i bustadfeltet på Lønnebakken med særleg fokus på planlegging av fleirbustadhus.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0024/03	03/00142 BREIBAND I SAMNANGER.
0025/03	03/00072 HANDLINGSPLAN FOR ELDREOMSORGA 2003 - 2007
0026/03	03/00346 FORELDREBETALING I BARNEHAGANE
0027/03	03/00021 KOMMUNALE AVGIFTER 2003 - FLEIRBUSTADHUS
0028/03	01/00597 DELEGERING AV MYNDE TIL BIR - KLAGEHANDSAMING AV RENOVASJONSSAKER
0029/03	03/00379 NY LEGBUSTAD
0030/03	03/00094 BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2003.

0024/03

BREIBAND I SAMNANGER.**Handsaming i møte:**

Marit Aase (krf) sette fram følgjande fellesframlegg (Krf, Sp,Bdl):” Med bakgrunn i framsett tilbod inngår Samnanger kommune avtale med BKK om utbygging av breiband i kommunen. Samnanger kommune har til saman kr. 270.000,- avsett til breibandbygging. I framtidige budsjett må det setjast av midlar til utbygginga av breiband til innbyggjarar som ikkje vert nådde i oppstartfasen. Administrasjonen legg fram ein framdriftsplan for kommunestyret 16. oktober i år.”

Eva Hellevang vart innvilga permisjon frå resten av møtet kl. 19.45. før endeleg røysting i saka.

Det vart røysta over fellesframlegget, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med bakgrunn i framsett tilbod inngår Samnanger kommune avtale med BKK om utbygging av breiband i kommunen. Samnanger kommune har til saman kr. 270.000,- avsett til breibandbygging. I framtidige budsjett må det setjast av midlar til utbygginga av breiband til innbyggjarar som ikkje vert nådde i oppstartfasen. Administrasjonen legg fram ein framdriftsplan for kommunestyret 16. oktober i år.

0025/03

HANDLINGSPLAN FOR ELDREOMSORGA 2003 - 2007**Framlegg til vedtak::**

Handlingsplan for eldreomsorga 2003-07 vert samrøystes vedteken med nytt

5.3.1: Institusjon og open omsorg:

Det må arbeidast med eit nærare samarbeid mellom institusjonen og open omsorg. Føremålet vil vera å oppnå eit betre samarbeid av tenesta. Personalet vil få ein meir variert arbeidskvardag og høve til å kunne fylgje opp brukarar som nyttar både institusjon og open omsorg.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Handlingsplan for eldreomsorga 2003-07 vert samrøystes vedteken med nytt

5.3.1: Institusjon og open omsorg:

Det må arbeidast med eit nærare samarbeid mellom institusjonen og open omsorg. Føremålet vil vera å oppnå eit betre samarbeid av tenesta. Personalet vil få ein meir variert arbeidskvardag og høve til å kunne fylgje opp brukarar som nyttar både institusjon og open omsorg.

0026/03

FORELDREBETALING I BARNEHAGANE**Framlegg til vedtak::**

Kjøp av 5-dagarstilbod: kr. 2.500,- + mat kr. 155,-.

Kjøp av 4-dagarstilbod: kr. 2.000,- + mat kr. 140,-.

Kjøp av 3-dagarstilbod: kr. 1.500,- + mat kr. 107,-.

Kjøp av 2-dagarstilbod: kr. 1.000,- + mat kr. 75,-.

Som tidlegare vil det verte høve for kjøp av einskilde dagar til kr. 168,-. Dette er inkl. mat, og kan ikkje kombinerast med syskenrabatt.

Syskenmoderasjon held fram som før: 30% for barn nr. 2, og evt. fleire barn i same hushand.

15% for kvar sysken i kommunal og privat barnehage.

Satsane gjeld frå 01.08.03.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kjøp av 5-dagarstilbod: kr. 2.500,- + mat kr. 155,-.

Kjøp av 4-dagarstilbod: kr. 2.000,- + mat kr. 140,-.

Kjøp av 3-dagarstilbod: kr. 1.500,- + mat kr. 107,-.

Kjøp av 2-dagarstilbod: kr. 1.000,- + mat kr. 75,-.

Som tidlegare vil det verte høve for kjøp av einskilde dagar til kr. 168,-. Dette er inkl. mat, kan ikkje kombinerast med syskenrabatt.

Syskenmoderasjon held fram som før: 30% for barn nr. 2, og evt. fleire barn i same hushand.

15% for kvar sysken i kommunal og privat barnehage.

Satsane gjeld frå 01.08.03.

0027/03

KOMMUNALE AVGIFTER 2003 - FLEIRBUSTADHUS**Framlegg til vedtak::**

Gebyr for handsaming av byggjesaker og tilnytingsgebyr for vatn og kloakk vert endra slik med verknad frå 01.09.03:

Gebyr for handsaming av byggjesøknad:

Bustad/ Fritidshus

Første eining uansett storleik:	2.853
tillegg pr eining > 80 m2 BRA	1.500
tillegg pr eining < 80 m2 BRA	1.000

Næringsbygg o.l.

Bygg under 500 m2 BRA	2.853
Bygg over 500 m2 BRA	5.000

Meldingssaker/ enkle tiltak

Meldingssaker	749
enkelt tiltak	1.500

Tilknytingsgebyr for vatn og kloakk

Nybygg bustader/ fritidshus**Vatn****Kloakk**

Første eining uansett storleik:	9.900	9.900
tillegg pr eining under 80 m2 BRA	3.000	3.000
tillegg pr eining over 80 m2 BRA	6.000	6.000

Maksimumsgebyr 30.000

For eksisterande bustad-/ fritidshus og for næringsbygg vert det ingen endringar.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Gebyr for handsaming av byggjesaker og tilnytingsgebyr for vatn og kloakk vert endra slik med verknad frå 01.09.03:

Gebyr for handsaming av byggjesøknad:

Bustad/ Fritidshus

Første eining uansett storleik:	2.853
tillegg pr eining > 80 m2 BRA	1.500
tillegg pr eining < 80 m2 BRA	1.000

Næringsbygg o.l.

Bygg under 500 m2 BRA	2.853
Bygg over 500 m2 BRA	5.000

Meldingssaker/ enkle tiltak

Meldingssaker	749
enkelt tiltak	1.500

Tilknytingsgebyr for vatn og kloakk

Nybygg bustader/ fritidshus**Vatn****Kloakk**

Første eining uansett storleik:	9.900	9.900
tillegg pr eining under 80 m2 BRA	3.000	3.000
tillegg pr eining over 80 m2 BRA	6.000	6.000

Maksimumsgebyr 30.000

For eksisterande bustad-/ fritidshus og for næringsbygg vert det ingen endringar.

0028/03

DELEGERING AV MYNDE TIL BIR - KLAGEHANDSAMING AV RENOVASJONSSAKER

Framlegg til vedtak::

I medhald av § 11 i Kommunelova delegerar kommunestyret i Samnanger mynde til å handsama klagar på renovasjonsområdet til klagenemnda i BIR.

BIR – klagenemnd er endeleg handsamings- og avgjerdsmynde for klagesaker i samsvar med § 17 i "Forskrift for innsamling av forbruksavfall" dagsett 7. desember 2002. Nemnda fattar vedtak i samsvar med mandat fastsett i vedtektene til BIR a.s.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

I medhald av § 11 i Kommunelova delegerar kommunestyret i Samnanger mynde til å handsama klagar på renovasjonsområdet til klagenemnda i BIR.

BIR – klagenemnd er endeleg handsamings- og avgjerdsmynde for klagesaker i samsvar med § 17 i "Forskrift for innsamling av forbruksavfall" dagsett 7. desember 2002. Nemnda fattar vedtak i samsvar med mandat fastsett i vedtektene til BIR a.s.

0029/03

NY LEGEBUSTAD

Handsaming i møte:

Fellesframlegg: "Samnanger kommune let inntektene frå sal av Marienlundgå til kjøp av ny tenestebustad på Lønnebakken. Husleia går til finansiering av evt. låneopptak. Samnanger kommune låner inntil kr. 500.000,- til føremålet."

Det vart røysta over fellesframlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune let inntektene frå sal av Marienlund gå til kjøp av ny tenestebustad på Lønnebakken. Husleia går til finansiering av evt. låneopptak. Samnanger kommune låner inntil kr. 500.000,- til føremålet.

0030/03

BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2003.

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt fram utan tilråding-.

Handsaming i møte:

Kommunestyret trekte saka frå saklista.

Vedtak:

Saka vert trekt frå saklista.